

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Formannskapet

**Møtedato:** 16.11.2020

---

**Sak nr.:** 20/927-28

**Internt l.nr.** 27799/20

**Sak:** 102/20

**Tittel:** Saksprotokoll - Formannskapet - Skriv, meldingar, orienteringar og drøftingssaker 16. november 2020

**Handsaming:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**A. Skriv og meldingar**

**B. Drøftingar**

1. Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 – arbeidsdokument 5/20

**C. Orienteringar**

**D. Innkomne spørsmål frå representantane**

Karen Marie Hjelmeseiter, Sp - Julegater

*Administrasjonen fylgjer opp saka.*

Svein Jarle Slinde, Sp - Attståande koronamidlar

*Midlar nytta til oppstarta prosjekt i 2020. Ikkje rom for nye prosjekt.*

Henny Kristin Asperanden Navarsete, Ap - Forskrift digitale møter

*Vert sak i formannskapet 26. november og kommunestyret 10. desember*

### **Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 – arbeidsdokument 5/20**

**Handsaming i møtet:**

Formannskapet fann Henny-Kristin Asperanden Navarsete gild til å delta i drøftinga av arbeidsdokumentet, jamfør forvaltningslova § 6.

Rådmannen sine tilrådingar er tekne inn først i kvart punkt.

### **Punkt 2 Oppbygging av budsjettdokumentet**

Finansutvalet tek oppbygginga av budsjettdokumentet til vitande.

#### **Avrøysting:**

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

### **Punkt 3 Generelle inntekter og utgifter**

- Finansutvalet tek endringa i budsjetteringa av generelle inntekter og utgifter til vitande.
- Finansutvalet legg til grunn at felles lik skattesats for bustadeigedom/fritidseigedom skal vere på 4 promille i 2024 med tilhøyrande justering av skattesatsen i åra 2021-2023.

**Arbeidarpartiet, Høgre og Framstegspartiet** sette fram følgjande tillegg:

Kommunal bustadsmasse og tilgjengeleg tomteareal

- Partia ber om ei oversikt over tomteareal som kommunen disponerer og som kan nyttast til oppføring av bustader til sosialt vanskelegstilte. Husbanken har svært gunstige tilskot og låneordningar for bustadar til sosialt vanskelegstilte.
- Ved eit ev. Sal av kommunale bustadar skal den kommunale lånegjelda til kommunen reduserast tilsvarande.

**Finansutvalet** sette fram følgjande tillegg:

Kommunestyret ber komité for samfunnsutvikling og komite for levekår saman med Sogndal ungdomsråd sjå på moglege plasseringar for behova som Solhov dekkjer i dag. Arbeidet bør samordnast med vidare planar for Kulturhuset og fleirbruks- og basishall. Ved eit ev. sal av Solhov skal ein komme med erstatningsareal for dette til ungdommen.

**Kristeleg Folkeparti** sette fram følgjande tillegg:

Finansutvalet legg til grunn at felles lik skattesats for bustadeigedom/fritidseigedom skal vere på 2,6 promille i 2024 med tilhøyrande justering av skattesatsen i åra 2021-2023.

#### **Avrøysting:**

Framlegget frå Arbeidarpartiet, Høgre og Framstegspartiet vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå finansutvalet vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti fekk 4 røyster (KrF, H, V og FrP) og framlegget vart forkasta.

Andre kulepunkt i rådmannen si tilråding fekk 6 røyster (Sp, Sv og Ap) og vart vedteken.

### **Punkt 4 Investeringar**

Finansutvalet ber rådmannen legge investeringsplanen til grunn for arbeidet med budsjett 2021 og økonomiplan 2022-2024.

**Venstre** sette fram følgjande tillegg:

1. Det vert lagt inn midlar til investeringsmessige tiltak bygg, jmf. investeringsliste ver 002 (totalt kr. 3.625.000) (1.750.000 i 2021, 1.875.000 i 2022).

2. Realisering av fleirbruks- og basishall vert forskyvd, med byggestart 2023-2024.

Finansutvalet ber om at den vidare planlegginga av sosiale rom og konsept for uorganisert aktivitet vert sett i samanheng med planar for auka kultur- og ungdomsaktivitet i kulturhuset. Det må vurderast om desse prosjekta vil ivareta tilbodet som Solhov dekkar i dag, jmf. ungdomsrådet sitt budsjettinnspel.

**Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti** sette fram følgjande tillegg:

Følgjande investeringstiltak skal vurderast i samanheng: Skulestruktur Sogndal sentrum/basseng Leikanger

Nytt punkt knytt til 3.3.4 i Investeringsbudsjett og økonomiplan 2021-24:

Kommunestyret ber administrasjonen gjennomføre planarbeidet med utarbeiding av eit konkret forprosjekt som avklarar planløyning, kostnadskalkyle og driftsmodell i løpet av 2021. Løysingane skal sjåast i samanheng med punkt 3.3.3 om skulestruktur for Sogndal sentrum, og anna aktivitetsareal, t.d. skatepark.

Kommunestyret har som mål å realisera bygging i 2022 og 2023. Arbeidet skal gjerast i tett dialog med fylkeskommunen og eventuelt andre partar i eigargruppa på Campus. Overført restbeløp frå 2020 vert sett av til planlegging. Plan og byggenemnda held fram sitt gode arbeid og følgjer prosessen tett vidare.

Vi ber administrasjonen sjå på fordelinga av totalkostnad mellom 2022 og 2023 med sikte på best mogleg innverknad på totaløkonomien.

Badebasseng Leikanger:

Kommunestyret ber om ei nærare utgreiing av nytt basseng på Leikanger. Overordna kostnader og ulike alternativ skal vurderas:

- Nytt anlegg i tilknytning til skule/idrettsanlegg
- Samlokalisering knytt til nye planar for Nokkaneset
- Andre alternativ

Finansiert av tidlegare avsette midlar.

**Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti** sette fram følgjande tillegg:

Kommunestyret set av 200 000,- til oppmåling og prosjektering av gangveg til Nornesfeltet.

**Avrøysting:**

Punkt 1 i Venstre sitt framlegg fekk 1 (V) røyst og framlegget vart forkasta.

Punkt 2 i Venstre sitt framlegg fekk 2 (V og KrF) røyster og framlegget vart forkasta.

Første og tredje avsnitt i framlegget om nytt punkt knytt til 3.3.4 frå Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vart samrøystes vedteke.

Andre avsnitt i framlegget om nytt punkt knytt til 3.3.4 frå Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti fekk 8 (Sp, Sv, Ap, FrP og H) røyster, og vart vedteke.

Framlegget om badebasseng Leikanger vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti om løyving til gangveg Nornesfeltet vart samrøystes vedteke.

**Punkt 5 Endringar i sektorbudsjett 2021**

Finansutvalet ber rådmannen legge justeringane av sektorbudsjetta til grunn for arbeidet med budsjett 2021 og økonomiplan 2022-2024.

**Venstre** sette fram følgjande tillegg:

*Kr. 3 millionar frå ekstra rammeløyving blir fordelt til oppvekst, herunder vidareføring av ungdomslosordninga i 2021. 1 million blir fordelt til helse/omsorg. Finansutvalet ber om at rådmannen kjem tilbake med framlegg på korleis rest-ramma skal disponerast.*

### **5.2 Oppvekst**

3. Det vert utarbeidd eit mandat for ein skulebruksplan for politisk handsaming. Mandatet skal ivareta behovet for å sjå skulestruktur i samanheng med barnehagestruktur, planar for ny skule i Sogndal sentrum, og planlagde stadanalyser. Skulebruksplanen skal vurdere innsparingsgevinstar frå skuleåret 2022/2023. Det vert sett av kr. 500.000 til kjøp av ekstern hjelp i prosjektet.

**Finansutvalet** sette fram følgjande tillegg:

4. Rammeavtale Vitensenteret for barnehage og skule vert starta opp frå 2021, med 700.000 i 2021 og 1000.000 i 2022-2024

**Arbeidarpartiet, Høgre Framstegspartiet** sette fram følgjande tillegg:

10 prosent kutt i alle politikar godtgjersler.

**Arbeidarpartiet, Høgre Framstegspartiet** sette fram følgjande tillegg:

Kommunestyret aukar ikkje SFO-prisen med 5 prosent utover prisstigning, og finansierer dette med det forslåtte kuttet på 10 prosent i alle politikar godtgjersle.

### **Avrøysting:**

Framlegget frå Venstre fekk 2 (V og KrF) røyster og framlegget fall.

Framlegget frå finansutvalet vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Arbeidarpartiet, Høgre Framstegspartiet om 10 % kutt i godtgjersler vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Arbeidarpartiet, Høgre Framstegspartiet om å ikkje auke SFO-prisen med 5% fekk 3 (Ap, H og FrP) røyster, og framlegget vart forkasta.

### **Punkt 6 Økonomiplan 2022-2024**

Finansutvalet tek rådmannen si orientering om økonomiplanen til vitande.

### **Avrøysting:**

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

### **Dette gir følgjande konklusjonar:**

1. Finansutvalet tek oppbygginga av budsjettdokumentet til vitande.

2. Finansutvalet tek endringa i budsjetteringa av generelle inntekter og utgifter til vitande med følgjande tillegg:

Kommunal bustadsmasse og tilgjengeleg tomteareal

- Partia ber om ei oversikt over tomteareal som kommunen disponerer og som kan nyttast til oppføring av bustader til sosialt vanskelegstilte. Husbanken har svært gunstige tilskot og låneordningar for bustadar til sosialt vanskeligstilte.
- Ved eit ev. Sal av kommunale bustadar skal den kommunale lånegjelda til kommunen reduserast tilsvarande.

Kommunestyret ber komité for samfunnsutvikling og komite for levekår saman med Sogndal ungdomsråd sjå på moglege plasseringar for behova som Solhov dekkjer i dag. Arbeidet bør samordnast med vidare planar for Kulturhuset og fleirbruks- og basishall. Ved eit ev. sal av Solhov skal ein komme med erstatningsareal for dette til ungdommen.

3. Finansutvalet legg til grunn at felles lik skattesats for bustadeigedom/fritidseigedom skal vere på 4 promille i 2024 med tilhøyrande justering av skattesatsen i åra 2021-2023.
4. Finansutvalet ber rådmannen legge investeringsplanen til grunn for arbeidet med budsjett 2021 og økonomiplan 2022-2024, med følgjande tillegg:

Følgjande investeringstiltak skal vurderast i samanheng: Skulestruktur Sogndal sentrum/basseng Leikanger

Nytt punkt knytt til 3.3.4 i Investeringsbudsjett og økonomiplan 2021-24:

Kommunestyret ber administrasjonen gjennomføre planarbeidet med utarbeiding av eit konkret forprosjekt som avklarar planløsning, kostnadskalkyle og driftsmodell i løpet av 2021. Løysingane skal sjåast i samanheng med punkt 3.3.3 om skulestruktur for Sogndal sentrum, og anna aktivitetsareal, t.d. skatepark.

Kommunestyret har som mål å realisera bygging i 2022 og 2023. Arbeidet skal gjerast i tett dialog med fylkeskommunen og eventuelt andre partar i eigargruppa på Campus. Overført restbeløp frå 2020 vert sett av til planlegging. Plan og byggjenemnda held fram sitt gode arbeid og følgjer prosessen tett vidare.

Vi ber administrasjonen sjå på fordelinga av totalkostnad mellom 2022 og 2023 med sikte på best mogleg innverknad på totaløkonomien.

Badebasseng Leikanger:

Kommunestyret ber om ei nærare utgreiing av nytt basseng på Leikanger. Overordna kostnader og ulike alternativ skal vurderas:

- Nytt anlegg i tilknytning til skule/idrettsanlegg
- Samlokalisering knytt til nye planar for Nokkaneset
- Andre alternativ

Finansiert av tidlegare avsette midlar.

Kommunestyret set av 200 000,- til oppmåling og prosjektering av gangveg til Nornesfeltet.

5. Finansutvalet ber rådmannen legge justeringane av sektorbudsjetta til grunn for arbeidet med budsjett 2021 og økonomiplan 2022-2024, med følgjande tillegg:
- Rammeavtale Vitensenteret for barnehage og skule vert starta opp frå 2021, med 700.000 i 2021 og 1000.000 i 2022-2024
  - 10 prosent kutt i alle politikar godtgjersler.



6. Finansutvalet tek rådmannen si orientering om økonomiplanen til vitande.